

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: Zoom
Tid: 18.11.2020 kl. 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Astrid Birgitte Eggen
Alva Amalie Eide
Simen Hagen Ekeberg
Elisabeth Enoksen
Rune Giske
Lizelle Haugland
Anne Helliesen
Jan Terje Kvaløy
Aslaug Mikkelsen
Bjørge Frøysland Oftedal
Brita Strand Rangnes
Marianne Skogerbø
Magne Olav Sydnes
Leith Symington
Winusan Wijayaseelan

Følgjande observatørar møte:

Gitte Kolstrup

Frå administrasjonen møte:

Veslemøy Hagen, Stig Selmer-Anderssen og Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 36/20	Godkjenning av innkalling		
UU 37/20	Godkjenning av møtebok 28.10.2020		19/07149-27
UU 38/20	Fastsettelse av omregningsskalaer for rangering av søkere med utenlands utdanningsbakgrunn som søker lokalt opptak		19/09316-17
UU 39/20	Revidering av Retningslinjer for rangering av søkere til av konkurranseutsatte studieplasser for delstudium i utlandet		20/12116-1
UU 40/20	Oversikt over saker om fusk		20/12163-1
UU 41/20	Kvalitet i studieprogram - periodisk evaluering 2021		20/10148-9
UU 42/20	Utfyllende regler for opptak til masterstudier og videreutdanninger 2021		18/07765-3
UU 43/20	Mandat og samansetjing av utdanningsutvalet		19/07149-26
UU 44/20	Plan for utdanningsutvalet 2021		19/07149-28
UU 45/20	Oversikt over aktuelle finansieringskilder for utdanningssamarbeid		20/11501-2
UU 46/20	Eventuelt		
KU 21/20	Informasjon fra prorektor		
KU 22/20	Mandater og funksjonsbeskrivelser i kvalitetssystemet - revisjon		
KU 23/20	Andre orienteringer		

UU 36/20 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjent.

UU 37/20 Godkjenning av møtebok 28.10.2020

Vedtak:

Møteboka er godkjent.

UU 38/20 Fastsetjing av omrekningskalaer for rangering av søkjarar med utanlands utdanningsbakgrunn som søker lokalt opptak

Utvalsleiar innleia. Saka handlar om å fastsetja omrekningskalaer frå utanlandske institusjonar til UiS. Der er ikkje formelle nasjonale normer. Det vert brukt litt ulike referansegrunnlag for ulike land. Det er venta at det vil verta utvikla ein standard for dette i Norge.

Utdanningsdirektøren la til at det vert arbeidd med å få masteropptaket inn i Samordna opptak, og at det då vil verta utarbeidd felles nasjonalt regelverk. Denne saka handlar om likeverdig opptak av studentar frå ulike land.

Stortingsmelding om mobilitet varslar samordna opptak for internasjonale studentar.

Vedtak:

Utdanningsutvalet sluttar seg til utdanningsdirektøren sitt forslag og fastset omrekningskala som føreslege, gjeldande for søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn som søker lokalt opptak.

UU 39/20 Revidering av Retningslinjer for rangering av søkere til av konkurranseutsatte studieplasser for delstudium i utlandet

Utvalsleiar innleia. Det er viktig å rangera søkjarar på ein rettferdig måte. Ho gjekk gjennom framlegget til vedtak.

Prodekan for utdanning frå fakultet for utøvande kunstfag spurde om korleis desse retningslinene vil påverka deira opptak, der det ikkje er karakterar i utøvande fag, berre greidd/ikkje greidd.

Leiar for internasjonalt kontor svara. Det skal gjerast vedtak om to retningslinjer nå. Den eine er sjølve rangeringa, og den andre er krava til å kunna søkja. Det er i utgangspunktet karakterar som gir grunnlag for rangering. Det som er spesielt for UK er at søkjararane spelar ulike instrument. Dersom to søkjarar vert rangert likt, vil karakterar telja. I praksis vil det vera annleis på UK pga av at søkjarar ikkje har karakterar i utøvande fag.

På eit spørsmål frå ein av studentrepresntantane svara leiar for internasjonalt kontor at saka også handlar om presisering av fristar og at studentane må halda seg til fristane. Det er ikkje ei innstraming av reglane. Studentane vil kunna fylgja saka si på nett. Det blir mykje meir transparent for studentane å vita kva dei skal gjera og når.

Det vart ein liten diskusjon om det skal leggjast til ei formulering i retningslinene for å dekkja UK sine opptak.

Utvalsleiar føreslo at utvalet vedtek retningslinene slik dei står nå, og at utvalsleiar får mandat til å justera det i samsvar med behovet frå UK dersom det syner seg å vera nødvendig. Dette må gå ein runde innom internasjonalt kontor og fakultetet.

Vedtak:

Retningslinjer for rangering av søkere til konkurranseutsatte studieplasser for delstudium i utlandet. Vedtatt av Utdanningsutvalget, 12.09.12. Revidert 18.09.13, 22.05.2019 og 18.11.2020

Rangering foretas etter følgende retningslinjer:

1. Søker med høyest rangeringspoeng blir først nominert til konkurranseutsatte studieplasser for delstudium i utlandet. Karakterer fra nåværende utdanning/utdanningsløp ved UiS og andre høyskoler/universiteter i Norge med samme karaktersystem, inngår i beregningsgrunnlaget.
2. Først regnes snittpoeng ut etter et vektet gjennomsnitt av avlagte eksamener (studiepoeng pr emne), der A=5 og E=1 poeng. Rangeringspoeng regnes deretter ut ved at det for hvert fullført studieår (60sp) på nåværende utdanning/utdanningsløp legges til 0,1 til snittpoenget. Ved like poeng foretas poengfordeling ved loddtrekning.
3. Ved praksisopphold i utlandet foretar det aktuelle instituttet fordeling av ledige praksisplasser før internasjonal seksjon rangerer disse studentene mot andre søkere til konkurranseutsatte studieplasser.
4. Dersom aktuelle søkere ikke har oppnådd karakterer fra UiS ved fordelingsstidspunktet og har bakgrunn fra ulike karaktersystemer vil det måtte foretas en skjønsmessig poengberegning. I disse tilfellene forelegges innstillingen til utdanningsdirektøren for endelig godkjenning.
5. Studenter som ikke har full studiepoengprogresjon på søkertidspunktet eller som ikke har levert fullstendig søknad som dekker alle formelle krav innen søknadsfristen rangeres sist.

Retningslinjer for å søke delstudium i utlandet. Vedtatt av utdanningsutvalget den 12.09.2012. Revidert 18.11.2020.

1. Studenten må søke om utveksling innen fastsatte frister. Søknaden skal registreres i SøknadsWeb. Studenten må kontrollere at registrert søknad er fullstendig, og at alle påkrevde dokumenter er vedlagt.
2. Internasjonal seksjon kan, etter skriftlig og begrunnet søknad fra studenten, innvilge behandling av søknader og eventuell tilleggsdokumentasjon inntil 1 uke etter at søknadsfristen har gått ut. Etter dette tidspunktet skal søknader om forsinket innlevering av søknad og/eller tilleggsdokumenter kun unntaksvis innvilges. Forholdet som ligger til grunn for søknaden om forsinket innlevering må kunne dokumenteres.
3. Studenten må ha fullført minst 60 studiepoeng før utenlandsoppholdet.
4. Studenten må oppfylle kravene til vertsinstusjonen.
5. Studiet i utlandet må være forhåndsgodkjent av fakultet/institutt.
6. Utenlandsopphold skal ikke gå på bekostning av godkjent utdanningsplan.

Utdanningsutvalet gir utvalgsleder fullmakt til å justere retningslinjene i samsvar med behovet fra UK dersom det synes seg å være nødvendig.

UU 40/20 Oversikt over saker om fusk

Utvalsleiar hadde bedt om denne saka. Styret skal også ha den, saman med sak om forsinka sensur. Leiinga ynskjer at styrande organ skal ha merksemd på dette nå pga av omlegging av eksamensgjennomføring. Der er 32 saker om fusk så langt i år. 12 studentar har fått annullering og utestenging i to semester. UiS ynskjer å fylgja denne utviklinga.

Utvalet hadde fylgjande kommentarar til saka:

- Desse sakene kan vera toppen av isfjellet. Me ser eksempel på klart samarbeid mellom studentar, og andre element av kommunikasjon mellom studentane. I andre tilfelle kan det ikkje dokumenterast, men det syner seg også i ettertid at der har vore stor grad av kommunikasjon i chattekanalar etc.
- Me har ein jobb å gjera med å førebu studentar på studielivet, kjeldekritikk og akademisk skriving.
- Studentar opplever det også som at arbeidskrav vert godkjent utan at det vert gått inn på kjeldebruk.
- SV-fakultetet hadde besøk i personalmøte av jurist frå utdanningsavdelinga, som gjekk gjennom kva som er fusk.

- SV-fakultetet har arbeidd med dette. Me har bedt biblioteket om å laga eit kurs serleg for utanlandske studentar. Noko handlar om å ikkje ha fått god nok informasjon om akademisk skriving.
- Det hadde vore nyttig å vita kva som gir frikjenning for fusk.
- Vitskapleg personale må læra å laga oppgåver som ikkje kan fuskast på.
- Kva kan me gjera med utdanningskvaliteten som fylgje av dette? Me kan gje obligatoriske kurs i referansebruk.
- Der er ulike haldningar til heimeeksamen på fakulteta. Skal eksamen vera berre prøving, eller også læring? Kva skal ein heimeeksamen vera? Arild Raaheim frå UiB har vore på Handelshøgskolen og førelese om dette.

Utvalseiar la til at det står på agendaen å laga opplæringstilbod i samarbeid med Uniped.

Utdanningsdirektøren la vidare til at ei gruppe, leia av jurist og med representasjon frå alle fakulteta, har drøfta prosedyrer om korleis arbeida med fuskesaker. Til klageemnda må der vera ei fagleg vurdering frå fakultetet før det går til utdanningsavdelinga.

Utdanningsdirektøren la også til at det kan synast som at det er mangel på erfaring med akademiske tekstar og kjeldebruk. Utdanningsavdelinga har difor eit tilbod om opplæring i dette.

Observatør frå universitetsbiblioteket opplyste om at biblioteket har kurs om akademisk skriving og referansebruk for studentar.

Studentrepresentant spurde om det kan det lagast ein film om kjeldebruk.

Utvalseiar svara at ein skal sjå om det går an å få det til i samarbeid med NettOp og Uniped.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 41/20 Kvalitet i studieprogram - periodisk evaluering 2021

Utvalseiar innleia. Det er gjort nokre endringar i kvalitetssystemet når det gjeld dette. Me må sjå avgjersla om fem års syklusar i samanheng med at fakulteta har store fullmakter når det gjeld endring i emne. Det må sikrast på institusjonsnivået at alle programma oppfyller krava til kvalitet.

Utvalet hadde ikkje kommentarar til denne saka.

Vedtak:

1. Det vert gjennomført periodisk evaluering og reakkreditering av fylgjande gradsprogram i 2021:
 - Spesialsykepleie med spesialisering i anestesi, intensiv eller operasjonssykepleie, master
 - Endringsledelse, master
 - Social Work with Families and Children, master
 - Fjernsyns- og multimedieproduksjon, bachelor
 - Industriell økonomi, master
 - Byplanlegging, master
 - Datateknologi, bachelor
 - Byggingeniør, bachelor
 - Maskiningeniør, bachelor
 - Lektorprogram i humanistiske fag, master
 - Lektorprogram i realfag, master
 - Utøvende musikk, master
 - Executive MBA, erfaringsbasert master
2. Utdanningsutvalet ber fakulteta sørga for at årsstudier, EVU-studier og andre kortare studieprogram vert evaluerte, enten saman med gradsstudia eller som frittstående evalueringsprosessar. Dekanane vert bedne om å sjå til at det vert utarbeidd plan for dette.

UU 42/20 Utfyllende regler for opptak til masterstudier og videreutdanninger 2021

Utvalseiar innleia. Dette er ei omfattande sak som gjeld mange studier.

Studentrepresentant hadde fylgjande spørsmål og kommentarar:

- Det vert argumentert for å fjerna betinga opptak, men fakulteta ynskjer å halda på det. Kva er grunngevinga og korleis har dei gjennomført dette?
- SV-fakultetet vil ta bort allmennlærer som opptaksgrunnlag, men det kan vera fornuftig å halda på det.
- Fleire fakultet vil fjerna studentar frå opptakskomiteen. Kanskje det kan stå 'bør også bestå av studentrepresentant'.
- TN-fakultetet, pkt 2 siste setning: 'Slikt betinget opptak gis ikke til studenter bosatt i utlandet med utanlandsk utdanningsbakgrunn.' Kva er grunngevinga for dette?
- Kva inneber framlegg til vedtak om å gi utvalseiar fullmakt til å godkjenne dei utfyllande reglane som ikkje er ferdigstilte på vedtakstidspunktet?

Utdanningsdirektøren svara:

- Det fyrste spørsmålet om betinga opptak gjeld fleire studier. Me har ikkje sett effekter av betinga opptak. Det er til ein viss grad urettferdig, og det er veldig arbeidskrevande.
- Det heitte tidlegare allmennlærer, nå er det grunnskulelærer, men allmennlærer vil framleis vera opptaksgrunnlag.
- Det er eit godt forslag å leggja til 'bør også bestå av studentrepresentant'.
- TN og utanlandske studentar: I hovudsak er dette ein unntaksregel. Me førebur oss på internasjonalt opptak, og dette er ei forsikring for å ta høgde for andre forhold som skal koma opp.
- Om fullmakt: Der er nokre få som ikkje er ferdige med emnerevisjonar. Dette er for å kunna ta opp mindre endringar.

Det vart litt diskusjon om å ta bort betinga opptak. Dette punktet vart avklara.

Utvalseiar oppsummerte saka slik:

- Framlegget om å ta ut betinga opptak vert ståande.
- Setninga 'bør også bestå av studentrepresentant' vert teken inn i reglementet.
- Allmennlærerutdanning skal også vera med i opptaksgrunnlaget ved SV-fakultetet.
- Det skal stå i framlegg til vedtak: Utvalet gir utvalseiar fullmakt til å gjera vedtak i eit avgrensa tal saker eller om mindre endringar.

Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner det framlagde regelverket med dei endringane som kom fram i møtet.

Utdanningsutvalget gir utvalseiar fullmakt til å gjera vedtak i eit avgrensa tal saker eller om mindre endringar. Fullmakten gjeld til SøknadsWeb opnar 1. februar.

UU 43/20 Mandat og samansetjing av utdanningsutvalet

Utvalseiar innleia. Denne saka knyter seg til kvalitetssystemet. Det er HR som eig desse sakene. Nå skal utvalet gje innspel til mandat for utvalet og gje innspel til styret si handsaming. Det som kanskje er kontroversielt i denne saka er samansetjinga.

Der var ingen kommentarar til mandatet.

Utvalet hadde fylgjande kommentarar til samansetjinga:

Prodekan for utdanning ved Handelshøgskolen UiS føreslo at alle prodekanane for utdanning skal vera med i utvalet. Ho føreslå vidare å ta ut ein av dei vitskaplege representantane, og meinte at dei elles vil vera godt representerte i prodekanane. Ho føreslo også å ta ut prodekan for forskning og representanten for ph.d.-stipendiatane.

Utvalsleiar viste til pålegg frå Nokut om å ha med stipendiatar i alle utvala som handsamar saker som omhandlar ph.d.-program.

Ein av studentrepresentantane presiserte at studentrepresentantane ikkje er utpeikte av StOr. Ho føreslo at det heller bør stå at dei er valde av studentane.

Vidare ville studentrepresentantane at det framleis skal vera fire studentrepresentantar i utvalet. Utdanningsutvalet er eitt av dei få sentrale utvala der studentane kan engasjera seg og det vil vera eit dårleg signal til studentane å redusera representasjonen i utvalet.

Ekstern representant tok utgangspunkt i at hennar bidrag er å koma inn med samfunnsperspektivet. Ho hadde opplevd at mange av sakene er veldig interne. Ho oppfordra til å tenkja gjennom kva UiS vil med den eksterne representanten, sett i lys av mandatet. Ho føreslo at det vert vurdert å ta ut denne plassen til fordel for ein annan.

Kommentar frå utvalsleiar og utdanningsdirektør: Det er ikkje eit krav om å ha ekstern representant i utdanningsutvalet, og dersom me tek denne ut, treng ikkje det vera problematisk.

Ein av dei vitenskaplege representane ba om grunngeving for endringane i samansetjinga.

Utvalsleiar svarta at i overgangen til einskapleg leiing kan ikkje rektor vera vara for prorektor for utdanning. Vidare har Nokut i sitt tilsyn peika på at me ikkje har stipendiatar i alle utvala. Nokut har også vist at UiS ikkje er gode på å sjå samanhengen mellom dei tre nivåa i utdanningane, og at me ikkje har ordningar som tek vare på denne samanhengen. Me må ha representantar for alle tre syklusane.

Utdanningsdirektøren presiserte at utdanningsutvalet akkrediterar og gjer periodiske evalueringar for studier på alle tre nivåa. Det perspektivet må vera med i utdanningsutvalet.

Utvalsleiar summerte opp utvalet sitt framlegg til samansetjing:

Prorektor for utdanning
Seks prodekanar for utdanning
Ein representant for det vitenskaplege personalet
Ein representant for det administrative personalet
Fire studentrepresentantar
Ein representant for ph.d.-stipendiatane
Ein ekstern representant

Det vart føreteke avstemming. Utvalet sitt framlegg vart einstemmig vedteke.

Utvalsleiar presiserte at studentrepresentantane vert valde av studentane.

Vedtak:

Utdanningsutvalet ber om at utvalet sine innspel vert tekne med i den vidare handsaminga av mandat og samansetjing for utvalet.

UU 44/20 Plan for utdanningsutvalet 2021

Utvalsleiar innleia. UiS sin strategi fram mot 2030 er vedteken og det vert arbeidd med handlingsplan knytt til denne. Utvalet sin plan forskoterar litt av det som truleg vil koma i handlingsplanen for utdanning ved UiS.

Utvalet hadde ingen kommentarar i saka.

Vedtak:

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2021. Framlegget kan verta justert som fylgje av universitetsstyret si handsaming av budsjett for 2021. Planen vil verta lagt fram for utvalet i møte 17. februar 2021 for endeleg fastsetjing.

UU 45/20 Oversikt over aktuelle finansieringskjelder for utdanningssamarbeid

Utvalsleiar innleia. Dette er oppfølging av sak frå forrige utvalsmøte. Utvalsleiar har bedt om denne saka for å få oversyn over dei finansieringskjeldene som finst.

Utvalet sette pris på å få denne oversikta.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitenskaplege fakultetet etterlyste utlysingar frå Forskningsrådet, som også gjerne inneheld element relatert til utdanning.

Utvalsleiar oppfordra fakulteta til å bruka desse listene og arbeida strategisk med finansieringskjelder. UiS har eit godt administrativt støtteapparat til dei prioriteringane som fakulteta vil gjera.

Ekstern representant spurde om det er søkt ekstern finansiering til arbeid med universitetsskule og universitetsbarnehage. Dette er eit svært verdifullt arbeid.

Utvalsleiar svara at det er søkt Diku om støtte til dette. Ho la til samarbeid med arbeidslivet er vesentleg for dei fleste søknadene. Det er eit gjennomgåande krav i dei fleste utlysingane.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 46/20 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.

Felles møte utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget

KU 21/20 Informasjon fra prorektor

Prorektors informasjon omfattet blant annet følgende:

- Arbeidet med ECIU University, med informasjon fra styremøtet 29-30.10, ECIU sitt visjonsdokument «ECIU UNIVERSITY 2030 – CONNECTS U FOR LIFE», og om den politiske prosessen innenfor EU angående satsingen på europeiske universiteter.
- Stortingsmelding 7 om studentmobilitet, som gir en god oppsummering av de politiske signalene om studentmobilitet gjennom de senere årene. Meldingen legger opp til at også kortere opphold (1-3 mnd) så vel som praksis faller inn under mobilitetsbegrepet.
- Arbeidet med universitetets Strategi 2030, og hvordan dette arbeidet er knyttet opp mot arbeidet med ny utviklingsavtale med departementet, universitetets fireårige handlingsplaner, og arbeidet med årsplan og budsjettet for 2021. Tre sentrale satsingsområder er grønn omstilling, et åpent universitet, og godt lærings- og arbeidsmiljø.
- Status og videre planer for universitetets utdanningsprosjekter sett i et porteføljestyingsperspektiv. Formålet er bedre utdanningskvalitet gjennom forskningsbasert styrking av utdanningene og undervisningen ved UiS. En god del tiltak er allerede i gang, og har allerede gitt oss gode interne virkemidler, og det skal etableres et antall nye prosjekter og tiltak.
- Digitale prosjekter som er i gang omfatter blant annet digital studentekspedisjon, oppgaveportalen, «Innsikt UiS Utdanning», arbeidslivsportalen, og digitaliseringen av kvalitetssystemets maler. Kommende prosjekter på nasjonalt nivå omfatter felles masteropptak i samordna opptak, nytt felles studentdatasystem, og digitalisering av vitnemål.
- Det er de beste og mest kraftfulle søknadene som vinner fram. Søknadene vinner kraft når de tar utgangspunkt i godt forankrede og ikke minst tydelige prioriteringer.

- Det er behov for kraftig utvidelse av porteføljen av tiltak som retter seg mot det psykososiale læringsmiljøet. Rapporten fra kunnskapsdepartementets ekspertgruppe for oppfølging av studenter skal overleveres departementet om halvannen uke (23. november). Rapporten skal anbefale tiltak for å sikre god oppfølging av studentene, særlig med tanke på studentenes psykososiale liv, og vil inngå i grunnlaget for utvalgenes arbeid framover. Det bør utarbeides en plan for institusjonens oppfølging av det psykososiale læringsmiljøet.
- Også det fysiske og det digitale læringsmiljøet har stor betydning, spesielt i en koronasituasjon. Dette ikke minst når det gjelder utdanningsportalene våre. Samtidig må vi være åpne for å dele gode virkemidler i sektoren, også i tilfeller der dette betyr at vi må tone ned konkurranseperspektivet.

Vedtak:

Utvalget tar saken til orientering.

KU 22/20 Mandater og funksjonsbeskrivelser i kvalitetssystemet - revisjon

Universitetsstyrets sak US 43/20 Kvalitetssystem ved Universitetet i Stavanger, inneholdt ikke vedtak om roller og råd og utvalg. Rektor ville komme tilbake til styret med egen sak om oppdaterte mandater, funksjonsbeskrivelser for råd, utvalg og ulike roller og sammenhengen de har med kvalitetsarbeidet ved UiS.

Arbeidsgruppen som har utarbeidet nye mandater og funksjonsbeskrivelser nærmer seg nå ferdigstilling av oppgaven, slik at saken kan behandles av universitetsstyret på styrets møte i desember. I denne saken var det arbeidsoppgaven i sin helhet som ble presentert for utvalgene. Sakens dokumenter omfattet forslagene til roller og funksjonsbeskrivelser som ble sendt ut på høring i organisasjonen. De påfølgende høringssvarene inngikk også i sakens dokumenter. I møtet ble utvalgene gitt en muntlig orientering om status og det videre arbeidet fram til behandlingen i universitetsstyret i desember.

I utvalgenes behandling framkom blant annet følgende:

- Forskningsutvalgets sammensetning reflekterer ikke de seneste endringer i utvalgets sammensetning, idet universitetsbiblioteket nå inngår som observatør i utvalget, slik det vil framgå av orienteringssak i forskningsutvalgets kommende utvalgsmøte i desember.

Vedtak:

Utvalget tar saken til orientering og ber om at innspill fra møtet tas med i den videre saksbehandlingen.

KU 23/20 Andre orienteringer

Saken omfatter orienteringer fra StOr, fra utdanningsdirektøren, og fra studentombudet.

StOr-leder orienterte blant annet om følgende:

- Studentvalget er nå gjennomført, med en rekordhøy valgdeltakelse på 19,49%.
- Det nye fadderstyret for Fadderfestivalen 2021 er nå på plass, med Mille Isaksen som faddersjef.
- Interimstyret for tillitsvalgt-ordningen for studenter er så å si på plass med valgreglementet for tillitsvalgt-ordningen, og arbeider samtidig med et prosedyredokument for ordningen.
- Kompetansehevingskurset for tillitsvalgte er gjennomført, under ledelse av Åse Helene Bakkevig Dagsland.
- Hans Navarro slutter ved årsskiftet, og trer dermed ut som utvalgsmedlem. Hans erstattes av varamedlem Vetle Torstenbø, som dermed går inn som utvalgsmedlem fra årsskiftet.

Utdanningsdirektøren orienterte blant annet om studentundersøkelsene høsten 2020, om emneevalueringene og om årets studiebarometerundersøkelse. Det gjennomføres nå en undersøkelse tilsvarende den som ble gjennomført i samarbeid med UiA i vår, som går på studentenes opplevelse av undervisning og digital undervisning i den spesielle situasjonen vi står i dette året.

Den faste rapporten til utvalgene om forsinket sensur inngår i sakens dokumenter. Rapporten viser at det er de samme instituttene som tidligere som sliter med sensurfristene, og i det vesentlige med henvisning til at tiltakene som er gjort for å løse de tekniske problemene så langt ikke har hatt effekt.

Utdanningsdirektørens presentasjon av digitaliseringsprosjektene innen det studieadministrative området inngår i sakens dokumenter. Utdanningsdirektøren informerte om digitale prosjektene som er i gang denne høsten.

Studentombudet orienterte om arbeidet med studentombudets årsrapport, som legges fram for styret i desember. Årsrapporten følger studieåret, og gjennom studieåret 2019/20 har det vært nesten tre ganger så mange henvendelser som gjennom studieåret 2018/19. Studentombudet ønsker å legge fram årsrapporten for læringsmiljøutvalget på utvalgets neste møte.

Vedtak:

Utvalget tar saken til orientering.